

Innovasjon Norge
Postboks 448 Sentrum
0104 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
23/2052-

Dato
27. februar 2025

Statsbudsjettet 2025 Oppdragsbrev Innovasjon Norge

Landbruks- og matdepartementet (LMD) viser til Prop.1 S (2024–2025) frå departementet og Innst. 8 S (2024–2025). Oppdragsbrevet følger opp Stortinget sitt budsjettvedtak av 19. desember 2025. LMD gjev med dette oppdragsbrevet rammer for Innovasjon Norge (IN) si forvaltning av næringsretta verkemidlar på landbruks- og bioøkonomiområdet for 2025.

1. Oversikt over løyvingar stilt til disposisjon for 2025

For 2025 er følgjande midlar stilt til disposisjon for IN gjennom statsbudsjettet på LMD sitt område:

Kapittel og post	Ordning	Beløp mill. kroner
1142.81	Tilskott til næringsmiddelbedrifter i Troms og Finnmark	14,00
1150.50	Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket	237,00
1150.50	Investering og bedriftsutvikling i landbruket	1 272,50
1150.50/1151.51 ¹	Utviklingsprogrammet	85,20
1152.70	Bionova - Tilskott til bioøkonomi og klimatiltak i jordbruket	173,25
SUM		1 781,95

1) 8,2 mill. kroner er løyvd over kap. 1151, post 51 og er øymerka den reindriftsbaserte delen av Utviklingsprogrammet.

Landbruks- og matdepartementet har i 2025 fått fullmakt av Stortinget til å gi tilsegn om tilskott ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kapittel og post	Ordning	Beløp mill. kroner
1152.70	Bionova - Tilskott til bioøkonomi og klimatiltak i jordbruket	309,00

Postadresse
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo
postmottak@lmd.dep.no

Kontoradresse
Teatergata 9
www.lmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 874

Avdeling
Landbrukspolitisk
avdeling

Saksbehandlar
Grethe Lunde

Tilsegningsfullmakta blir med dette delegert vidare til IN.

Vi syner til kapittel 6.1 for nærmare føringar om administrasjons- og gjennomføringskostnader for dei enkelte ordningane.

2. Mål for IN og andre fellesføringar

Vi syner til oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) for 2025 for fellesføringar og omtale av IN sin målstruktur.

3. Oppdraget frå LMD

3.1 Mål og prioriteringar med løyvinga

Dei fire overordna måla for landbruks- og matpolitikken knytt til matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar, ligg fast jf. Prop. 1 S (2024–2025) for Landbruks- og matdepartementet.

Landbruket er ei betydeleg distriktsnæring og til stades i heile landet. Dei samla verdikjedene er viktige bidragsytarar til busetting, sysselsetting, verdiskaping og for den grønne omstillinga det norske samfunnet er i gang med. Overgangen til ein meir sirkulær økonomi ber med seg at bedriftene må integrere denne tenkinga i heile si verksemd. Auka innovasjonstakt i landbruket og i den tilhøyrande industrien må vektleggast. Landbruksoppdraget til IN femnar om verkemiddel som særskilt skal stimulere til modernisering, omstilling og effektivisering i det tradisjonelle landbruket, og auka sysselsetting, vekst og innovasjon innan andre landbruksbaserte næringar. Oppdraget femnar også verkemiddel for å fremje berekraftig reindrift. Vidare femnar oppdraget om verkemiddel som skal stimulere til meir miljøvennlege energiløysingar for sektoren, mellom anna med mål om auka verdiskaping i skog- og trenæringa, samt verkemiddel knytt til teknologiutvikling i landbruket. IN sine delmål om fleire gode gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø, er viktige for å nå måla innanfor landbruks- og matpolitikken. I det enkelte oppdrag vil vektinga av dei tre delmåla variere.

Løyvinga frå Landbruks- og matdepartementet femnar òg finansiering av utvikling, drift og aktivitet for Bionova. Bionova skal vere eit av verkøya for å nå Noreg sine klimamål for 2030 og målet om å vere eit lågutsleppssamfunn i 2050 ved å bidra til reduserte klimagassutslepp og auka karbonopptak og -lagring. Bionova skal også bidra til auka verdiskaping gjennom overgang til ein meir sirkulær bioøkonomi basert på fornybare ressursar frå hav og land. Det blir vist til tilsvarande føringar i oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Regjeringa har lansert eit målretta samfunnsoppdrag om berekraftig fôr med mål om at innan 2034 skal alt fôr til oppdrettsfisk og husdyr kome frå berekraftige kjelder og bidra til å redusere klimagassutsleppa i matsystema. Samfunnsoppdraget skal bidra til å bevare naturmangfald, utvikle ein sterk fôringrediensindustri og auka forsyningstryggleik i Noreg. Det er satt ned ei styringsgruppe som skal kome med faglege råd om korleis måla kan bli nådde. Vidare innsats på område vil krevje god samhandling og koordinering i

verkemiddelapparatet, og eit behov for å sjå heile utviklingsløpet frå idé til marknad i samanheng. I arbeidet skal IN og Bionova byggje vidare på det etablerte samarbeidet i verkemiddelapparatet jf. også føringar i oppdragsbrev frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Vi syner til Prop. 1 S (2024–2025) frå Nærings- og fiskeridepartementet der det blir vist til at det er eit hovudprinsipp at prosjekt som mottek støtte gjennom det næringsretta verkemiddelapparatet skal ha ein plass på vegen mot Noregs forpliktingar under Parisavtala og lågutsleppssamfunnet i 2050. Prinsippet femnar både prosjekt med nøytral effekt og prosjekt med positiv effekt på grøn omstilling, og er t.d. ikkje til hinder for å støtte gode prosjekt i petroleumsnæringa. Justeringane som er gjort i denne ordlyden skal ikkje resultere i vesentlege endringar i tildelingspraksis hjå verkemiddelaktørane.

3.2 Samarbeid med nasjonale, regionale og lokale aktørar

Det er viktig at det er god dialog mellom verkemiddelaktørane på nasjonalt nivå for best mogleg samordna innsats og god kopling mellom verkemiddel.

Bionova skal i si sakshandsaming trekke på relevant kompetanse i heile IN, og slik sikre ei god samhandling med andre relevante verkemiddel retta mot lønsam utvikling av bionæringane basert på ressursar frå hav og land.

Det må etablerast ein god dialog om landbruksoppdraget og Bionova mellom aktørar regionalt og lokalt, som kan sikre forankring, prioritering og kopling av verkemiddel på området. Det er difor viktig at IN er godt involvert i arbeidet i regionalt partnerskap bestående av fylkeskommunane, statsforvaltaren, IN sine regionskontor og næringsorganisasjonane i landbruket. Vi ber om at det blir gjort ei god avklaring mellom IN og fylkeskommunane når det gjeld type prosjekt som blir støtta av dei ulike aktørane. Matnasjonen Noreg skal fortsetje å vere i ei sams ramme for utvikling innan mat og drikke, med sterke koplingar til politikken for reiselivsnæringa. Sterke mat- og reiselivsregionar er utgangspunkt og byggjesteinar for Matnasjonen Noreg, og den vidare innsatsen her må utformast i tett samarbeid med dei regionale partnerskapa.

Regionkontora må ha tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse innanfor landbruksoppdraget, slik at dei kan bidra aktivt til å mobilisere ressursar og utløyse vekstpotensialet regionalt saman med fylkeskommunane og medlemmer av den regionale partnerskapen elles. Kommunane har ei viktig rolle i mobilisering til næringsutvikling og er forvaltningsleddet som sit nærmast bonden. IN må legge til rette for god dialog med kommunane på næringsutviklingsarbeidet og særskilt i samband med investeringssaker i landbruket. IN skal også ha dialog med statsforvaltaren som fyrstelinje for reindrifta.

4. Nærmare om dei enkelte ordningane

4.1 Tilskott til næringsmiddelbedrifter i Troms og Finnmark

Det er for 2025 satt av 14 mill. kroner over kap. 1142, post 81 til eit nytt tilskott til næringsmiddelbedrifter i Troms og Finnmark som nyttar råvarer frå jordbruk eller reindrift. Ordninga skal bidra til å styrkje forsyningssikkerheita av matvarer for befolkninga i dei to fylka. Dette kan mellom anna tilseie at ein søker å etablere fleire aktørar på område der det er avgrensa konkurranse. Fleire aktørar med mottak/foredling vil bidra til auka forsyningssikkerheit. Tilskottet skal bidra til at jordbruket og reindrifta i Troms og Finnmark har næringsmiddelbedrifter som kan ta i mot råvarer frå primærproduksjonen.

Innanfor ovannemnde føremål for ordninga, kan næringsmiddelbedriftene søkje om tilskott knytt til innovasjon og utvikling av deira verksemd. Dette gjeld mellom anna kompetansebygging, produktutvikling og marknadsbygging. Tilskott skal i utgangspunktet ikkje prioriterast til større investeringar i bygg og anlegg, med mindre ramma for løyvinga mogeleggjør dette.

Sakshandsaming og regelverk for ordninga skal i stor grad vere det same som IN har etablert for tilsvarande ordningar. IN sine kostnader til forvaltning av ordninga blir dekt av løyvinga.

Tilskottet kan berre bli gitt til prosjekt som omfattar varer som fell utanfor verkeområdet til EØS-avtala, jf. art. 8(3). I den grad bedrifta òg bruker RÅK-vare i sin produksjon, må det førstast delt rekneskap mv. for dei to råvaregrunnlaga. Tilskottet kan bli gitt for både norsk og importert råvare frå reindrift og jordbruk, i samsvar med WTO-regelverket.

4.2 Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket

Det er for 2025 avsett 237 mill. kroner til Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling over kap. 1150, post 50. I tråd med føringar frå jordbruksoppgjeret 2024, skal verdiskapingsprogrammet ta eit heilskapleg ansvar for utvikling av gode klima-, miljø- og energiløysingar for landbruket. Programmet kan gjennom dette gje eit viktig bidrag til å nå målet i klimaavtala for jordbruket. Verdiskapingsprogrammet er lagt under Bionova. I tillegg til løyvinga over jordbruksavtala, vil deler av løyvinga til Bionova, jf. kap. 4.5, også kunne nyttast til føremål innanfor verdiskapingsprogrammet.

Verdiskapingsprogrammet skal innrettast slik at det kan bidra til å introdusere ny teknologi og bruk av fornybar energi i landbruket, samt til produksjon av energi for leveranse til andre samfunnssektorar basert på ressursar frå landbruket. Bioenergi er ein sentral del av programmet si satsing på fornybar energi.

Det er høve til å gje investeringsstøtte til anlegg som kombinerer biovarmeproduksjon med straumproduksjon frå solceller. Det kan også gis støtte til kombinerte el-/varmeanlegg basert

på biobrensel, sokalla CHP-anlegg, samt støtte til investering i fornybare energianlegg generelt til å dekkje energibehovet i eigen landbruksproduksjon. Så lenge det er eit potensial for å auke talet på mindre gardsanlegg for bioenergi, bør slike anlegg bli prioritert. For å bidra til å redusere klimagassutsleppa frå jordbruket, vil produksjon av biokol og biogass vere viktig å satse på framover. Produksjon av biokol som sideprodukt til bioenergiproduksjon er eit viktig utviklingsområde. Andre teknologiar eller tiltak som kan gje auka karbonopptak eller -binding skal også vurderast. Utover dette skal Bionova også legge vekt på heilskapleg miljøgevinst av biogassprosjekta. Eit område kor ein kan forvente auka investeringsbehov framover, er i biorestlager og gardsanlegg, gitt målet om auka utnytting av husdyrgjødsel til produksjon av biogass. Hovudtyngda av innsatsen på området bør bli prioritert opp mot delmålet om fleire vekstkraftige bedrifter.

Programmet omfattar også støtte til utviklings- og utprøvningsprosjekt for å teste ut ny produksjonsteknologi og nye løysingar på gardsnivå som i tillegg til reduserte klimagassutslepp, skal bidra til auka konkurransekraft for næringa. Her vil det m.a. vere viktig å kople leverandørindustri og bonde for å utvikle teknologi og løysingar som endå ikkje er "hylleware". I jordbruksoppgjeret 2024 blei avtalepartane samde om å innføre eit tilskott til innfasing av ny teknologi. IN må ha retningslinjer for tilskottet.

IN skal koordinere si verksemd med andre aktørar som forvaltar verkemiddel av betydning for Bionova si verksemd, t.d. Enova.

4.3 Tilskott til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-tilskott)

Tilgang på investeringsverkemiddel er ein viktig føresetnad for fornying av produksjonsapparatet i landbruket og framtidig vekst og utvikling i landbruksbaserte næringar. Midlane skal bidra til utvikling både innanfor det tradisjonelle landbruket og andre landbruksbaserte næringar. Innanfor INs målbilete bør hovudtyngda av innsatsen innanfor IBU-midlane knyttast opp mot selskapet sitt delmål om fleire vekstkraftige bedrifter.

I samband med jordbruksoppgjeret 2024 blei det løyvd 1 272,5 mill. kroner over kap. 1150, post 50 til investering og bedriftsutvikling i landbruket i 2025. Auken i ramma må særskilt sjåast i lys av behovet for omstilling til lausdriftsfjøs for storfe, og særskilt innanfor små og mellomstore mjølkebruk, samt generelle behov for oppgradering av driftsapparatet innanfor andre produksjonar, for å imøtekomme krav til dyrevelferd.

Det er naudsynt at både rådgjevningsapparat og IN tek ei meir aktiv sparringsrolle i samband med investeringsprosjekta. Målet må vere å bidra til fleire økonomisk berekraftige prosjekt for små og mellomstore bruk. IN har, i forlenginga av si rolle som sparringspartner, høve til å hjelpe med ei ressurskartlegging i forkant av sjølve investeringsprosjekta, og det kan nyttast IBU-midlar til dette. Kunnskap og erfaringar frå prosjekt som «Innlandsfjøset» bør utnyttast og spreia i rådgjevningsapparatet. IN blir bedt om å vurdere korleis noverdiberekninga av investeringa betre kan synleggjerast i arbeidet med søknader om investeringsverkemidlar.

Forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling skal leggjast til grunn for forvaltninga av midlane. I jordbruksoppgjæret 2024 blei det semje om å gjere fleire endringar i forskrifta knytt til harmonisering av støtteutmåling for mindre tilskott med IN si støtte til oppstartsprosjekt elles, avviking av ekstra tilskott til tre som byggjemateriale, lik støtteutmåling for menn og kvinner ved tilskott til generasjonsskifte og forenklingar i føringar for investeringar i gjødsellager mv. I tillegg til desse endringane vart det også sendt på høyring forslag til andre endringar i forskrifta. Endringane i forskrifta vart fastsett 3. februar 2025. Desse endringane omfattar m.a. forenklingar i bestemminga om igangsetting av eit prosjekt, i kommunane si rolle i forvaltninga av IBU-midlane og i handtering av klager.

Følgjande nasjonale føringar for forvaltninga av IBU-midlar skal elles gjelde for 2025:

- Små og mellomstore bruk skal prioriterast ved tildeling av støtte. Innan mjølkeproduksjon er det særleg behov for å prioritere fornying av fjøs med inntil 30 kyr.
- Støtte til investeringsprosjekt som gir auka matproduksjon skal prioriterast til produksjonar med marknadspotensial.
- Omsyn til dyrevelferd skal prioriterast høgt. Dette gjeld for alle typar produksjonar og produksjonsformer.
- Investeringane som følgje av EUs økologiregelverk skal prioriterast.
- Støtte til investeringar innan korn, frukt-, grønt- og veksthusnæringa skal prioriterast.
- Maksimalt tilskott til investeringar i samband med generasjonsskifte for personar under 35 år blir sett til inntil 70 pst. uavhengig av kjønn.
- IN kan gje investeringstilskott til bygging av gjødsellager med tekniske løysingar som reduserer utslepp til luft, samt tilsvarande lager til biorest og anna organisk gjødsel. Felleslager for gjødsel og biorest kan støttast.
- Prosjekt med energi- og klimaeffektive løysingar skal prioriterast.
- I vurderinga av lønnsemd i investeringsprosjekta må det takast omsyn til det samla næringsgrunnlaget og økonomien på bruket.
- IN kan gje inntil 100 mill. kroner i risikolån der tapsavsetninga skjer innanfor ramma av IBU-midlane.
- Strategiske føringar frå den regionale partnarskapen er avgrensa til prioritering mellom ulike produksjonar og mellom ulike områder i den enkelte region/fylket. Faglaga skal inngå i dei regionale partnarskapa.
- Nasjonal pott til lausdriftsinvesteringar for storfe blir vidareført.
- Unytta midlar ved årsskiftet skal inndragast og fordelast ut att til samlege fylker.

IN har ut over dette høve til å fastsette enkelte sakshandsamingsstandardar for ein meir einskapleg sakshandsamingspraksis.

IN har også moglegheit til å gje støtte til bedriftsretta fellesskapsprosjekt over desse midlane. IN har ansvaret for kåringa av årets bedriftsutviklar i landbruket (bedriftsutviklingsprisen), og kan nytte IBU-midlar til dette tiltaket etter nærmare dialog med departementet.

I jordbruksoppgjøret 2024 var avtalepartane einige om at unyttta midlar ved årsskiftet skal dragast inn og bli fordelte ut att til alle fylka. Ved årsskifte var det ei samla unyttta ramme i fylka på 88,48 mill. kroner.

Fordelinga av fylkesrammer 2025 og unyttta fylkesrammer 2024 går fram av tabellen under:

Fylke	Fylkesrammer 2025, mill. kroner*	Omfordeling fylkesrammer 2024, mill. kroner	SUM
Østfold	41,62	3,36	44,98
Akershus	36,90	2,98	39,88
Innlandet	166,88	13,48	180,36
Buskerud	49,32	3,98	53,31
Vestfold	33,04	2,67	35,71
Telemark	40,73	3,29	44,02
Agder	65,88	5,32	71,20
Rogaland	87,64	7,08	94,72
Vestland	153,82	12,42	166,25
Møre og Romsdal	80,64	6,51	87,16
Trøndelag	171,29	13,83	185,12
Nordland	78,27	6,32	84,59
Troms	52,86	4,27	57,13
Finnmark	36,60	2,96	39,55
SUM	1095,50	88,48	1183,98

*Totalsum ekskl. avsetning til administrasjons- og gjennomføringskostnader på 77 mill. kroner jf. pkt. 6.1 og nasjonal ramme på 100 mill. kroner.

Som følge av behovet for å prioritere investeringsprosjekt for å imøtekomme lausdriftskravet innan storfeproduksjon som trer i kraft i 2034, vil det også i 2025 avsettast ei nasjonal ramme på 100 mill. kroner. Denne ramma kan nyttast av fylka som har brukt opp eigne fylkesrammer. For ein mest mogleg einskapleg sakshandsamingspraksis også for desse midlane ber vi om at IN etablerer nærmare sakshandsamingsreglar for når den nasjonale potten kan belastast (t.d. at midlar avsett til andre landbruksbaserte næringar kan bli haldt utanom, eller når t.d. ein fastsett del av fylkesramma er brukt opp). Støtteutmåling av denne potten bør samsvare med praksis for støtteutmåling i tilsvarende saker med fylkesvise midlar. Det skal rapporterast særskilt på bruken av desse midlane. Tiltaket skal vurderast av IN til jordbruksoppgjøret i 2026.

4.4 Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping

Ramma til Utviklingsprogrammet for 2025 over jordbruksavtala kap. 1150, post 50 er på 77 mill. kroner, og det er løyvd 8,2 mill. kroner over reindriftsavtala, kap. 1151, post 51, til den reindriftsbaserte delen av programmet. IN bør prioritere hovudtyngda av innsatsen sin under

Utviklingsprogrammet opp mot delmålet om fleire vekstkraftige bedrifter. Innanfor delmålet om fleire innovative næringsmiljø bør ambisjonane om innovative og vekstkraftige regionar og meir samarbeidsorienterte bedrifter vektleggast.

Utviklingsprogrammet er eit viktig verkemiddel for at regjeringa sitt mål om at omsetjing av lokalmat og drikke på 25 milliardar kroner innan 2035 skal nåast. I Hurdalsplattforma er det eit mål å auke det offentlege innkjøpet av norsk mat. Innafor programmet skal det gjennomførast ein pilot som kan bidra til å styrkja mindre lokale mat- og drikkeprodusentars evne til å levera til det offentlege. Prosjektet må sjåast i samanheng med resultatane frå mellom anna Inn på tunet-løftet 2 og arbeidet som er gjort i Matgledekorpsset og erfaringar frå Matvalget. Av jordbruksproposisjonen frå 2024 går det fram at Innovasjon Norge skal, med utgangspunkt i erfaringane frå pilotperioden, vurdere vidare utvikling av skaleringsprogrammet. Vurderinga skal ta utgangspunkt i utfordringane næringa møter med tanke på krevjande marknader og auka kostnader. Målet er å møte ambisjonane om fleire og større vekstbedrifter innanfor målgruppene til programmet. I jordbruksoppgjeret 2024 blei avtalepartane vidare samde om at det bør gjerast ei nærare vurdering av årsakene til lågare interesse for bedriftsnettverksordninga, og behov for eventuelle endringar.

Det skal arbeidast vidare med å auke talet på reiselivs- og Inn på tunet-prosjekt innafor programmet. Arbeidet med Inn på tunet skal ta utgangspunkt i erfaringane frå Inn på tunet-løftet 2. Det skal også arbeidast vidare med å følgje opp handlingsplanen for næringsutvikling basert på haustbare viltressursar.

Erfaringane frå Inn på tunet-løftet 2 og anna utviklingsarbeid med Inn på tunet skal nyttiggjerast inn i den samla porteføljen til Utviklingsprogrammet og i vidare arbeid med vekstbedrifter, nettverk og omdømmearbeid. Arbeid for å sjå innsatsen retta mot landbruk og reindrift i samanheng må vektleggjast.

Aktiv innsats på reinområdet – styrking av reinkjøtt- og vidareforedlingsbedrifter

IN skal prioritere aktiv innsats og god tilrettelegging overfor reinkjøttbedriftene, og ha stor merksemd på å få fram potensialet på reinområdet gjennom utviklingsprogrammet og resten av verkemiddelapparatet IN rår over.

I sluttprotokollen frå reindriftingsforhandlingane 2025/2026 viser avtalepartane i pkt. 3 til at i 2024 sto fire slakteri for i underkant av 90 prosent av reinslaktinga. Avtalepartane er bekymra for at få aktørar vil kunne få negativ tyding for kjøp og sal av reinkjøtt, og prisen til reineigar. I dag tilbyr reinkjøttbedriftene i det vesentlege dei same produkta. Det er derfor behov for ei satsing på produktutvikling og ei tilrettelegging for auka konkurranse knytt til slakting og vidareforedling av reinkjøtt. Avtalepartane ber IN om særleg å følgje opp ei slik satsing og prioritering i 2025.

Arbeidsmetodikken for bruk av midlane over reindriftingsavtala skal vidareførast.

Deltaking på matarrangement medverkar til auka merksemd kring reinkjøtprodukta frå små reinkjøtbedrifter med avgrensa middel til eiga marknadsføring, i tillegg til kompetansebygging i bedriftene. IN skal, saman med Marknadsutvalet, vurdere kva slags matarrangement som er aktuelle å delta på. Det er ein føresetnad at reinkjøtbedriftene står på felles stand. Det er viktig for reinkjøtbransjen å ha ein felles møtearena i løpet av året. Departementet viser til at det i reindrifftsavtalen for 2024/2025 er foreslått å gjennomføre ein reindrifftskonferanse også i 2025.

Departementet viser til at det reindrifftsbaserte reiselivet er ei god moglegheit som tilleggsnæring for fleire i reindriffta, og ber om at IN vidarefører arbeidet med utvikling på dette området. Departementet viser også til moglegheitene for å kombinere reiselivstilbod med eit tilbod innanfor lærings- og omsorgstenester, og at IN i samarbeid med Statsforvaltaren i Troms og Finnmark skal bidra til å legge til rette for slike bedriftsetableringar.

I reindrifftsavtalen 2024/2025 er det lagt vekt på at ordningar som støttar opp under tilleggsnæringar i reindriffta, og som er finansiert over reindrifftsavtalen, vert koordinert og dreg i same retning. Det er derfor behov for felles møteplass for Markedsutvalget, Utviklingsprogrammet, Ut på Vidda og Reindrifftens Utviklingsfond. Departementet ber om at IN tar eit særskilt ansvar for dette og at ei slik samhandling ligg til grunn for IN sitt arbeid med tilleggsnæringar.

Auka synleggjering og omdømmebygging

Ein viktig del av Utviklingsprogrammet er prosjekt og tiltak som bidreg til auka synleggjering og omdømmebygging av norsk mat og landbruk. Omdømmeporteføljen skal bidra til regional utvikling, og innsatsen skal koplast mot næringsutviklingsplanane til regionane. Frå og med 2025 skal eventuell støtte til etablering og utvikling av regionale matfestivalar gis over dei regionale tilretteleggingsmidlane til fylkeskommunane. Støtte over omdømmeporteføljen til Utviklingsprogrammet til denne typen prosjekt skal framover bidra til utvikling og omdømmebygging nasjonalt og internasjonalt.

Den norske standen på Grüne Woche er den viktigaste markeringa av norsk mat og reiseliv i utlandet som LMD er involvert i. Grüne Woche er ein viktig arena og møteplass for å etablere nettverk mellom næringslivsaktørar og for å bidra til forsterka regionalt samarbeid på mat- og reiselivsområdet. IN har det operative ansvaret for prosjektet i tett dialog med departementet. Deltakinga på Grüne Woche blir no evaluert, og vidare innretting på prosjektet vil bli vurdert med bakgrunn i evalueringa.

4.5 Bionova

Bionova blei etablert som ei eining under IN i 2023 som ei oppfølging av Hurdalsplattforma sine ambisjonar. For 2025 er avsetjinga 173,247 mill. kroner til Bionova over kap. 1152, post 70 Tilskott til Bioøkonomi og klimatiltak i jordbruket. Eit ramme for tilsegn på 10 mill. kroner skal nyttast til utvikling av norsk biodrivstoffproduksjon. I tillegg vil løyvinga til Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling jf. kapittel 4.2, inngå i det

samla budsjettet for Bionova. Samla løyving som Bionova forvaltar blir med det 410,2 mill. kroner for 2025. Løyvinga skal i 2025 nyttast til utvikling av Bionova og drift og aktivitet innanfor Bionova si portefølje.

Bionova er eit verktøy for å nå Noregs klimamål for 2030 og målet om å vere eit lågutsleppssamfunn i 2050 gjennom å bidra til reduserte klimagassutslepp og auka karbonopptak og -lagring og bidra til verdiskaping gjennom overgang til ein meir sirkulær bioøkonomi basert på fornybare biologiske ressursar frå land og hav. Bionova sine to delmål er;

1. Reduksjon av klimagassutslepp og auka opptak og lagring av karbon i jord på gardsnivå, og
2. Auka verdiskaping gjennom ein meir ressurseffektiv og sirkulær bioøkonomi.

Bionova består av Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket og Bioøkonomiordninga.

Bioøkonomiordninga skal framleis legge grunnlag for auka innovasjon og verdiskaping i biobaserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane innan jordbruk, skog- og trebruk og fiskeri og havbruk. Dette inkluderer vidareføring av det etablerte bioøkonomisamarbeidet med Forskingsrådet og Siva, som grunnlag for betre strukturering og samspel mellom relevante verkemiddel i og på tvers av verkemiddelaktørane.

IN må i 2025 halde fram med vidareutvikling av Bionova som verkemiddel. Evalueringa av Bionova som er gjennomført av Oxford Research er eit grunnlag for vurdering av utviklingstiltak og vidare behov for kunnskapsgrunnlag og kompetanse. Arbeidet med vidareutvikling av resultat- og effektindikatorar som svarar ut Bionova sine mål må prioriterast. Det må også påreknast ressursar til **mobilisering**, dialog og koordinering med næringane og andre verkemiddelaktørar for å få opp gode prosjekt innanfor Bionova sitt målområde. Departementet legg til grunn at det rådgjevande porteføljestyre som er etablert for Bionova vil bli trekt inn i utviklingsprosessar for Bionova.

4.6 Omstillingsmidlar for pelsdyrnæringa

IN har forvalta ei ordning med midlar til omstilling for pelsdyroppdrettarar over kap.1142, post 78 som er ein post som kan overførast. For 2025 er det ikkje gjort framlegg om løyving på posten, men det vil framleis vere tilsegn basert på tidlegare (overførbare) løyvingar der heile beløpet enno ikkje er utbetalt.

4.7 Lån til landbruksføremål innanfor lågrisikolåneordninga (kap. 2421 NFD)

IN kan, som tidlegare, gje lån til landbruksføremål innanfor ramma for Lågrisikolåneordninga over NFD sitt budsjett. Det er viktig at IN i si rapportering og statistikkføring framleis opprettheld eit skilje mellom bustadføremål og næringsføremål.

5. Administrative fellesføringar

Departementet viser til dei administrative fellesføringane i oppdragsbrev for 2025 frå NFD, irekna føresetnader og krav, samt føringar knytt til administrative forhold, rapportering og evaluering. Vi ber særskilt IN vere merksame på at det, jf. rapporteringskalender frå NFD, blir bedt om ein kort beskriving av IN sitt system for kontroll med at tildelte midlar er nytta i samsvar med krav og regelverk for støtta, samt ei orientering om eventuelle særskilde kontrolltiltak som er iverksett i løpet av året.

6. Departementsspesifikke administrative føringar

6.1 Administrasjons- og gjennomføringskostnader

Den enkelte oppdragsgjevar skal dekke alle administrasjons- og gjennomføringskostnader (AG-kostnader) utover basiskostnadane for sine oppdrag, med unntak for aktivitetar som skal vere sjølvfinansierande. Selskapet sine basiskostnader vert dekkta av løyvinga over NFD sitt budsjett kap. 2421, post 70. For ordningar som IN forvaltar for LMD, irekna Bionova, skal AG-kostnadene spesifiserast på kvart program/ordning. Rapport for AG-kostnader skal vere klar til kvart halvårsmøte mellom LMD og IN.

Det er gjort ein gjennomgang av AG-kostnadene for 2025 med bakgrunn i vurderingar og innspel frå IN. Unytta rammer frå 2024 skal nyttast til å finansiere AG-kostnadene for 2024. LMD sin del av meirkostnader ved INs digitaliseringsprogram «INFlow» skal dekkjast innanfor ordningane IBU-ordninga, Bioøkonomiprogrammet og VSP fornybar. Om vesentlege endringar i oppgaveporteføljen i løpet av året skulle føre til risiko for at rammene blir overstige, ber vi om at IN tek kontakt med departementet.

AG-kostnader for 2025 går fram av tabellen under, tal i mill. kroner:

Ordningar og oppdrag	AG-kostnader 2025	Til InFlow	Del dekkta av unytta ramme 2024
IBU-ordninga	77,00	7,00	5,80
Utviklingsprogrammet JA	9,30	-	0,50
Utviklingsprogrammet RA	2,50	-	1,10
Bioøkonomiprogrammet	20,00	4,00	-
VSP fornybar	11,00	2,00	10,20
Tilskott næringsmiddelbedrifter Troms og Finnmark	1,00	-	-
Sum	120,80	13,00	17,60

AG-kostnadane for IBU-ordninga inkluderer også dekking av dei fylkesvise BU-prisane og den nasjonale BU-prisen. Administrasjons- og gjennomføringskostnadane til deltaking på Grüne Woche skal trekkjast frå løyvinga til Utviklingsprogrammet for vekst og verdiskaping, og kjem i tillegg til kostnadane for programmet som er synleggjort i tabellen ovanfor. Årlege budsjett over prosjektkostnadane til IGW skal godkjennast av LMD.

6.2 Utbetaling, rapportering og styringsdialog

6.2.1 Overføring av midlar, rekneskapsføring og rapportering

Landbruksdirektoratet har det administrative hovudansvaret for Landbrukets utviklingsfond (LUF), jf. St.prp. nr.1 Tillegg nr. 3 (1999–2000). For ordningar under LUF som blir forvalta av IN, er det lagt opp til periodisk overføring (4-6 gonger per år) av midlar frå fondet. Administrasjons- og gjennomføringskostnadane til kvar ordning blir utbetalt separat frå resten av ramma til ordninga. IN utbetalar og fører rekneskap for tilskott/lån og mottek og fører rekneskap for inntekter frå avdrag på lån. IN må vidareføre kontakta med Landbruksdirektoratet når det gjeld rekneskap og overføring av midlar.

Landbruksdirektoratet har også det administrative hovudansvaret for Reindriftas utviklingsfond (RUF). For løyvingar frå RUF, skal det også leggjast opp til periodisk overføring av midlar frå Landbruksdirektoratet til IN (2 gonger per år). Utbetalinga vil skje etter utbetalingsoppmoding frå IN.

6.2.2 Rapportering

Det skal rapporterast på bruken av midlane i tråd med rapporteringskalender frå NFD. Det skal rapporterast på bruken av IBU-midlane frå IN sine distriktskontor til fylkeskommunane. Rapporteringa skal inngå i rapporten IN elles sender til fylkeskommunane. Rapporten skal vurdere verkemiddelbruken opp mot regionale føringar frå partnerskapen. Statistikk over fordeling til ulike grupper, som kvinner og unge, i dei ulike program og tenester skal synleggjerast slik at ein sikrar eit godt samanlikningsgrunnlag over tid.

6.2.3 Styringsmøte m.m.

Det vil bli lagt opp til to styringsmøte mellom LMD og IN i 2025.

Med helsing

Kristin Orlund (e.f.)
avdelingsdirektør

Grethe Lunde
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Agder fylkeskommune
Akershus fylkeskommune
Buskerud fylkeskommune
Finnmark fylkeskommune
Innlandet fylkeskommune
Kommunal- og distriktsdepartementet
Landbruksdirektoratet
Møre og Romsdal fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Norges Bondelag
Norges skogeierforbund
Norsk Bonde- og Småbrukarlag
NORSKOG
Nærings- og fiskeridepartementet
Oslo fylkeskommune
Riksrevisjonen
Rogaland fylkeskommune
Statsforvalteren i Agder
Statsforvalteren i Innlandet
Statsforvalteren i Møre og Romsdal
Statsforvalteren i Nordland
Statsforvalteren i Rogaland
Statsforvalteren i Troms og Finnmark
Statsforvalteren i Trøndelag
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
Statsforvalteren i Vestland
Buskerud, Oslo og Akershus Statsforvalteren i Østfold
Telemark fylkeskommune
Troms fylkeskommune
Trøndelag fylkeskommune
Vestfold fylkeskommune
Vestland fylkeskommune
Østfold fylkeskommune